



Alver kommune Plan og byggesak
Marianne Aadland Sandvik

Referanser:

Dykkar: 6110119a-a8fc-4af7-91bf-
6e3b6d98ff6b

Vår: 20/19264 - 21/1292

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

11.01.2021

Oppføring av bustad med veg, garasje carport med dispensasjon gbnr 323/32 Frekhaug - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om oppføring av bustad med veg og carport på gbnr 323/32 Frekhaug.

Midt på eigedomen står ei gamal steinmurt uteløe. I følgje Sefrak-registeret er denne bygd ein gong på 1800-talet. Tiltakshavar opplyser at dei har tatt omsyn til denne. Planane er å riva taket på løa, sikra steinmurane og bevare det som ein integrert del av bustaden sitt uteareal. I følgjebrevet til søknaden står det at planen er å fylla lausmassar inntil murane slik at berre øvste del er synleg og bruka dette til bed.

Ved å fjerna taket og fylla lausmassar inntil uteløa vert det lite att av uteløa, og det vert vanskeleg å sjå kva som har vore den opprinnelege funksjonen til bygget. For å ta vare på løa som eit kulturminne er det ynskjeleg at bygget vert restaurert, nytt tak sett på og at det ikkje vert fylt på med lausmassar rundt bygget. Biletet til høgre viser korleis løa såg ut då den vart sefrak-registrert i 1994.



Bygget kan vera eldre enn 1850 og såleis meldepliktig etter kulturminnelova. Vestland fylkeskommune bør difor få høve til å uttala seg i saka.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og
byggesak